

**1. Du kan inngå brøyteavtale på brokke.com.**

- a) Brøyteavtalen held fram til den vert avbestilt. Frist for avbestilling er 1.oktober, før kvar brøytesesong.
- b) Brøyteprisar vert justert før kvar brøytesesong.
- c) Ved bestilling godtar du dei til ein kvar tid gjeldande «Brøytevilkår».
- d) Brøytetenesta ynskjer eit godt samarbeid med hytteeigarane. I desse vilkåra kan du lese kva vi forventar av deg og kva du kan forvente av oss.

**2. Hytteeigar har ansvar for å klargjere innkørsel/tomt før brøytesesong, medio oktober.**

- a) Hytte skal vere tydeleg merka med vegnummer.
- b) Sjå til at brøytearealet er fritt for materialar, steinar og liknande.
- c) Brøytestikker skal stå med god avstand til hindringar som vil bli skjult av snø; til dømes terrasse, stabbesteinlar, gjerde og portstolpar.
- d) Brøytestikker må vere på plass medio oktober.
- e) Ikkje bruk betongklossar eller steinar for å halde brøytestikker oppe, då slikt kan bli dratt inn i fres og gjøre skade.
- f) Hytteeigar er erstatningspliktig ved skade på brøyteinstyr forårsaka av kumlok, stein, materialar o.l.
- g) Hugs å vedlikehalde stikking gjennom brøytesesongen.
- h) Tomter som ikkje er tydeleg merka med stikker, blir ikkje brøyta.
- i) Brøytestikker er å finne i garasjen til Brokke Aktivitet i sentrum, vendt mot Brokke Camping.  
Betalingskasse i garasje eller Vipps til 540994.

**3. Hytteeigar har ansvar for at brøytearealet held god standard med tanke på vegdekke.**

- a) Brøytearealet bør ha eit grusdekke som frys slik at ein unngår å dra med seg singel/stein og liknande i snøfresen.
- b) Kumlok i tun må ikkje stå høgare enn grusdekket.
- c) Kumlok eller singel/stein i snøfres kan gjøre stor skade på brøytemannskapets utstyr. Hytteeigar vil i slike tilfelle kunne vere erstatningspliktige for skader som oppstår på brøytemannskapets maskiner og/eller utstyr. Singel/stein og liknande i snøfresen kan også gjøre skade på materiell (til dømes eigedom, hytter, bilar, lausøyre, utstyr, og liknande), og i slike tilfelle kan ansvar for Brokke Aktivitet AS, eller den Brokke Aktivitet AS har engasjert til å utføre brøyting, falle bort heilt eller delvis.
- d) Etter første snøfall er det ein fordel å køyre ned snøen slik at det vert donna ein god brøytesole.

**4. Hytteeigar har ansvar for å strø/sande eige tun/innkørsel.**

- a) Brøytemannskap strør fellesvegane ved isdekke. Hytteeigar må strø eige tun/innkørsle.
- b) Strøsand er å finne i sandlageret på Kvisle. Sandlageret ligg på venstre hand på veg opp mot Kvisletoppen, om lag 500 meter frå alpinsenteret. Strøsand er gratis.
- c) Om du ynskjer kan du bestille tilleggstenesta «Strøing av innkørsel til hytta». Me vil då strø innkørsel til hytte etter same frekvens som strøing av fellesveg. Bestill via skjema «Bestill brøyting» på brokke.com.

**5. Brøyteapp.**

- a) Kunde melder ankomst-/avreisedag i brøyteappen.
- b) Nettadresse: hytteankomst.no
- c) Frist for registrering er kl 18.00 dagen før ankomst.
- d) Innkørsle vil normalt bli brøyta innan kl 13.00 på ankomstdagen.
- e) Bestilling etter kl. 18.00 dagen før ankomst vert rekna som sein bestilling.
- f) Sein bestilling vil kunne medføre brøyting først dagen etter ankomst.
- g) Hugs å avbestille i brøyteappen dersom du likevel ikkje skal på hytta og om du reiser heim att tidlegare enn registrert avreisedato.
- h) Dersom du har tenkt deg på hytta laurdag/sundag oppfordrar me til å legge inn bestilling gjeldande frå fredag! Dette for å redusere brøyting i helg.

**6. Fastbuande.**

- a) Fastbuande i hyttefelt kan teikne eigen brøyteavtale.
- b) Avtalen gjev prioritert brøyting, jmf. pkt. 12.
- c) Avtalen føreset bruk av brøyteappen.

**7. Hytter under oppføring**

- a) Handverkarar treng gjerne fast brøyting tidleg kvar morgen.
- b) Kontakt brøteansvarleg for å opprette eigen avtale.

**8. Fellesvegar.**

- a) Avtalt brøytenivå er at det skal vere framkomeleg med personbil skodd for vinterføre.
- b) Fellesvegar har prioritet før innkjørsel til hytte.
- c) Fellesvegar blir normalt ikkje brøyta om natta.
- d) Periodevis lyt ein akseptere 20 cm snø.

**9. Hyttetun / innkjørsle.**

- a) Det blir normalt brøyta plass til to bilar på ankomstdagen.
- b) Plass til to bilar vil for nokre tun bety «etter kvarandre», ikkje «ved sida av».
- c) Sjølv om stikka areal er merka større betyr det ikkje at alt vert brøyta.
- d) Det blir ikkje rydda nærmare enn 1 meter frå garasjepoport eller husvegg.
- e) Normalt vil det bli brøyta slik at bilar kjem ut av tunet innan kl. 10.00 i helger og feriar.
- f) Hyttetun vert brøyta om morgonen og normalt ikkje meir enn ein gong om dagen.
- g) Dersom det kjem mykje snø ettermiddag/kveld vil brøtemannskap starte snørydding tidleg neste dag.
- h) Av erfaring er det ikkje mange som har problem med å kome ut av tuna om kvelden sjølv om det er ein del snø i innkjørsla.
- i) Ved snøfall vil det i hektiske periodar berre bli køyrt ei brøystriple inn på tunet.
- j) Tun kan bli rekna som framkomeleg sjølv om det ikkje er nybrøyta, dvs. om det ligg 15 cm tørr eller 10 cm våt snø etter siste brøyting.
- k) Det vil innimellom bli utført vedlikehaldsbrøyting av tun utanom bestilling for å handtere store snømengder. I tilfelle vert det berre brøyta ei breidde.
- l) Fresen blir alltid satt ned med god klaring til garasjepoport o.l. for å unngå skade.

**10. Generelt.**

- a) Finrydding vert utført fleire gonger gjennom vinteren. Dette inneber å auke breidde av fellesvegar og kryss, samt rydding av siktsoner.
- b) Stundom vil alle innkjørsler og tun også få ei opprydding ut over forventa nivå. Slik rydding vert gjennomført midt i veka når det er få bestillingar.
- c) Me prøver å unngå brøyting mellom kl 13.00 og 22.00 i helger og feriar då det er lite effektivt samt forbunde med meir fare når det er mykje bilar og menneske i rørslle etter vregar og i tun.
- d) Brøtemannskapet må ikkje bli uroa når dei arbeider.
- e) Det er ikkje anledning til å vente på at bilar vert flutt for å rydde hyttetun.
- f) Ungar må ikkje oppsøkje traktor eller fresestråle. Ikke lag snøholer i tilknytning til brøtesoner.
- g) Dersom du ynskjer ekstra brøyting tek du kontakt med brøteansvarleg for avtale. Sjå pkt 11.
- h) Brokke Aktivitet AS dekkjer kostnadane forbunde med skade på materiell (til dømes eidegom, hytter, bilar, lausøyre, utstyr, og liknande) forårsaka av brøyting i dei tilfelle der eigar av materiellet har gjort det som vert forventa ihht desse vilkår. Eigar av materiellet må kunne dokumentere at det føreligg skade, at brøytinga er årsaka til skaden, og kravets størrelse. Det tilrådast at den som er skadelidt kan dokumentere skaden/tapet med tidsnære bevis i form av bilet og en skildring av hendinga sitt forløp så tidleg som mogleg. Eventuelt erstatningskrav for slik skade må framsetta skriftleg til Brokke Aktivitet AS, så tidleg som mogleg etter at skaden vert avdekka. Brokke Aktivitet AS tar etterhald om å krevje eller sjølv innhente ein fagkyndig vurdering av skaden og/eller tapets størrelse.



**11. Tilleggstenester:**

- a) Ved tilkalling av brøytemannskap for utføring av ekstraarbeid med traktor vert kunden fakturert for medgått tid (timepris kr 1.650,- inkl. mva) minimum kr 825,-.
- b) Ved bruk av traktorskuffe for å fjerne snø etter rydding av tak vert eigar fakturert minimum kr 825,- inkl. mva.
- c) Dersom snømengdene ikkje er større enn at ein tek det ved ordinær fresing vil kunde ikkje bli fakturert.

**12. Brøyting - prioritering:**

- a) Fellesvegar blir brøyta etter snøfall heile veka. Sandstrøing av fellesvegar ved isdekke.
- b) Fellesvegar: Løefjellvegen, Furestøylvegen (hovudvegen), Furestøylslii (til toppen) og Vardefjell.
- c) Hytter under oppføring og fastbuande med eigen avtale.
- d) Parkeringsplassar: Jarnsverk, Brokkestøylen, Sentrum, Alpinsenter og Kvistetoppen.
- e) Stikkvegar.
- f) Hyttetun som har bestilt brøyting.

**13. Faktura.**

- a) Faktura for brøyting av hyttetun vert sendt ut i oktober. Faktura for fellesveg i januar.
- b) Faktura kjem som eFaktura, epost eller brevpost.
- c) Nokre erfarer at faktura/purring vert stoppa av spamfilteret. Sjekk i tilfelle spam / søppelpost og registrer epostadressa som sikker avsendar: aktivitet@brokke.com / noreply@oflow.no
- d) Ver venleg å melde i frå til aktivitet@brokke.com dersom du ikkje har motteke faktura.

**14. Brøytevakt-telefon:**

- a) Vakttelefonen skal berre nyttast om du opplever at bestilt tun ikkje er brøyta eller om vegen er uframkomeleg.
- b) Ikke ring brøytevakt for vær- og føremeldingar!
- c) Me har ikkje ansvar for «Brokkebakken/Suleskarvegen». Kontakt eventuelt vegvesenet på tlf 175.
- d) Bestilling av tilleggsbrøyting, andre spørsmål og/eller kommentarar skal rettast til aktivitet@brokke.com

